

INSTRUKS FOR TILDELING AV STRØMUTTAK PÅ OPPLAGSPASS.

Båtar på tilvist plass på opplagsplanen kan få strøm frå uttaksboksar med strømmålarar.
Båteigar må sjølv halde godkjent skjøytekabel.

Hamnesjefen eller den han gjev fullmakt til (til dømes dei som køyrer Subliften) kan utlevere nøkkel og tildele kontakt i nærmaste uttaksboks.

Den som tildeler strømuttak må lese av målarstand og føre det inn i boka saman med navn og tlf.nr. til leigaren, samt plassnr. på opplagsplassen.

Prisen er for tida sett til kr. 1,- pr. KWh. og kan verta justert av styret ved behov.

Det vert rekna at kvar båt får til disposisjon 300 Watt, og styret oppmodar medlemmene om å

ikkje bruke større varmekjelder enn naudsynt som frostsikring i båtane. Varmekjelder og anna elutstyr skal vera godkjent til sitt bruk. Skjøyteledningar med skader eller av ikkje godkjent type kan fjernast av båtlaget. Eigar skal då varslast om dette anten pr. tlf. eller med lapp på oppkveila ledning.

Det skal setjast sperrepluggar i alle ledige uttak. Når ein kontakt er utdelt skal sperrepluggen takast inn på kontoret.

Ved utsetjing av båtar frå opplagsplanen skal strømuttaket sin målarstand avlesast og førast inn i boka.

Båtar som får strøm frå uttaksboks på sørveggen av klubbhuset eller frå anna uttak utan strømmålar, skal betale ein fast sum for den tida båten treng strøm.

Leiga er for tida kr. 500,- for ein periode på 6 månader. Strømprisen kan justerast av styret ein gong i året.

Det skal sendast rekning til båteigar snarast etter at båten er sjøsett.

Instruks for tildeling av strømuttak på opplagsplass

torsdag 30. desember 2010 13:53

Oppretta dato: 11.12.2008 Godkjent av styret dato: 29.04.2010

Instruks for tildeling av

strømuttak på opplagsplass

Oppretta dato:

11.12.2008

Godkjent av styret dato:

29.04.2010